



**Cruise-sesongen er slett ikke slutt, for ved 19-tiden i kveld passerte ein 44 000-tonnar Uskedalen i svært sakte fart. Det var den Bermuda-registrerte Artania som tidlegare har hatt namna Royal Princess og Artemis og vart bygd i Finland i 1984. Og det var sjølvaste prinsesse Diana som døypte båten - det var grunnen til namnet - og dåpen fann stad i Southhampton**

Eigar er eit selskap som heiter Artania Shipping medan operatøren er Phoenix Reisen, Artania er ein av få cruisebåtar som ikkje har innvendige lugarar.

Anna kuriøst nytt er dette:

I fjor overtok ein kvinneleg kaptein båten som den andre i historien som har vore sjef på ein cruisebåt, Ho heiter Sarah Breton.

På biletet passerar Artania mellom Flatholm og Skorpo.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen